

LØYPEBESKRIVING DYNAFIT HARDANGERJØKULEN ULTRA

Dynafit Hardangerjøkulen Ultra er eit løp på 95 km som vil ta pusten frå deg. Start og målgang er på den flotte plassen Liseth Pensjonat & Hyttetun like ved Vøringsfossen i Eidfjord. Løypa tar deg rundt ein av Noregs vakraste isbrear, Hardangerjøkulen.

Det er ingen/dårleg mobildekning i løypa og det er lange avstandar mellom sjekkpunkta. Følgjande sjekkpunkt; Finse 38 km, Krækkja 62 km og Kjeldebu 75 km.

Ruta følgjer Den Norske Turistforeninga sitt rutenett heile vegen, unntatt siste stykke inn mot mål, der vil løypa vera merka med merkeband. Det vil ikkje vera noko form for merking i trase av km, vegkryss eller liknande. Løypa går i fjellterreng på sti, nokre enkle og veldig teknisk krevjande. Det kan også vera snødekte ein del av løypa. Ver merksam på at det er eit krevjande terreng med mange høgdemeter.

Det er tre sjekkpunkt i løypa, Finse etter 38 km, Krøkkja etter 62 km og Kjeldebu etter 77 km. Det vil i tillegg vera crew i Rembesdal, crew og matstasjon på Finse, crew og matstasjon på Krækkja og crew og matstasjon på Kjeldebu.

Me anbefalar på det sterkaste at alle deltakarar tar ein nøye kikk på heile ruta på detaljerte kart før de deltar i løpet.

GPX spor er tilgjengeleg for nedlasting på <https://xtremeidfjord.no/hardangerjokulen-ultra/map/>

Start-Finse – avstand 38 km

Den første delen går i teknisk krevjande terreng og kanskje den mest krevjande delen av heile løypa med mange høgdemeter å passere. Du spring på fine stiar, på ulendte stiar, på berg og i steinrøyser. Her får du absolutt alt du kan ønske deg av fjellterreng.

Når ein er på veg ned frå Ishaugsredet mot Skytjedalsvatnet kan ein ofte møte på skodde, ein møter også på løypa til Hardangervidda Marathon ved Svinatjørnane, denne må ein ikkje følgje. Etter det vert det bratt stigning opp Storhaugen og ein følgjer kantane på fjellsida ned mot Simadal. Stien tek ei vending ved Torkjelshøgda og slyngjer seg nedover til Rembesdalsdammen, stien kan vera vanskeleg å få auge på. Etter dammen følgjer ein anleggsveg nokre hundre meter, før ein på ny kjem inn på stien mot Rembesdalsseter. Her kjem det også eit stikryss mot Hallingskeid, her skal ein ikkje ta av.

Når du passerer crew på Rembesdalsseter bør du passe på å fylle vatn flaskene. Då ventar eit lengre parti utan moglegheit for å fylle vatn. Løypa rundar rundt vatnet (de skal ikkje ned til Rembesdalsseter) og fortset opp ei steinur og vidare ein seig stigning opp svaberga til toppen av Lureggane. Ein kjem då inn i finare stiar. Det er snødekte områder i løypa og ver spesielt merksam på kantar på eventuelle snøfener då kantane lett kan knekke.

Etter hengebrua over Ustekveikje passerer ein nokre hytter, før ein skal over det gamle jernbanespetet mot Finse – her entrar de Rallarvegen, og den skal følgjast dei siste kilometerane mot Finse, og sjekkpunktet på Finsehytta.

Løypa vil ta deg rundt Hardangerjøkulen og du vil kunne få panoramautsikt mot Hardangerfjorden. Stien er veldig krevjande så hold fokus.

Finse-Krækkja – avstand 24 km

Det er jamn stigning frå Finse og mot Krækkja det første stykket. Det er steinete terreng og noko småkupert. Løypa startar ut frå Finsehytta langs Rallarvegen nokre hundre meter, før ein tek vidare inn på sti over terskeldammen på austsida av Finsevatnet. Straks de er over, ta stien mot venstre mot Krækkja. Ved Hansebufloten delar stien seg, her er det viktig å følgje merking mot Krækkja og ikkje Kjeldebu. Det siste partiet langs vasskanten på Drageidfjorden er noko mindre steinete før Krækkja plutselig dukkar opp bak ein haug i enden av vatnet.

Krækkja-Kjeldebu – avstand 15 km

Frå Krækkja til Kjeldebu er det fin springesti i slak nedoverbakke. Dette er den desidert enklaste og kortaste etappen. Løypa startar same vegen som ein kom ifrå, men ein tek raskt til venstre og vidare merking mot Kjeldebu. Løypa deler seg etter brua mellom Drageidfjorden og Storekrækkja, viktig at ein følgjer stien til høgre mot Kjeldebu (den venstre går ut til Halne og riksvegen), og vidare oppover Olavbuhæa. Straks ein kjem på toppen, så er det stort sett slakt nedover gjennom heile

Kjeldedalen med flott sti som er enkel å springe. Sjekkpunktet Kjeldebu er ikkje sjølve DNT-hytta, men ligg på nordsida av Fisketjørna.

Kjeldebu-mål – avstand 18 km

Den siste delen av løypa ligg foran deg. Det er lengre til mål enn ein trur. Kanskje kjem mørket på deg og du må ta fram hovudlykt. Løypa følgjer slakt nedover langs vassdraget Kjeldo. Ein kryssar elva Leiro før ein startar ein bratt og seig oppoverstigning opp Storaberget. Her er ein i ei kort stund nede i tregrensa igjen. Oppstigninga slakkar ut etter den brattaste delen opp Storaberget og stien slyngjer seg innover høgdedraget til ein kjem til Hallingspranget. Her er det fleire stiar som kryssar, men ein skal følgje skilting mot Liseth. Når ein passerer forbi Gryteskaret vil ein kome ned i merka løype inn mot mål.